

Den kristne påskefeiringa



Påska er den viktigaste høgtida i kristendomen.

Ordet *påske* kjem frå det hebraiske ordet *pesach*, som er namnet på den jødiske påska. For jødane er påska ei feiring til minne om at Moses førte dei ut av slaveriet i Egypt.

For kristne handlar påska om Jesu liding, død og oppstode.

Veka frå palmesøndag til påskeaftan kallast *den stille veka*. Mange kristne brukar denne veka til ettertanke og ro for å minnast dei siste dagane av Jesu liv. Påska startar første påskedag. Då feirar kristne at Jesus stod opp frå dei døde.

Jesus var jøde. Den kristne påskeforteljinga startar med at Jesus og disiplane reiser til Jerusalem. Der skal dei feire den jødiske påska.

Palmesøndag

På den tida Jesus levde, var Israel styrt av Romerriket. Jødane venta på ein konge som skulle fri dei frå romarane. I dei heilage skriftene leste dei at kongen skulle kome ridande på eit esel.

Då Jesus reid inn i Jerusalem for å feire den jødiske påska, vart mange menneske glade. Dei var overbeviste om at Jesus var kongen som skulle fri dei frå romarane.

Folk hylla Jesus som ein konge. Dei samla seg langs vegen og vifta med palmegreiner. Dei ropa og song. Nokon la til og med kapper på den støvete vegen, så det vart ekstra fint.

Denne dagen fekk difor namnet palmesøndag.



Spørsmål til teksten:

1. Kvifor reiste Jesus og disiplane til Jerusalem?

2. Kven styrte Israel på den tida Jesus levde?

3. Kvifor trur du folket var overtydde om at Jesus var redningsmannen deira?

4. Kvifor fekk denne dagen namnet palmesøndag?

Skjærtorsdag

Kvar dag tala Jesus til folket. Han fekk stadig fleire tilhengjarar. Dei religiøse leiarane i byen vart sjalue og sinte.

Judas var ein av Jesu disiplar. Han gjekk til overprestane og sa at han kunne hjelpe dei med å fange Jesus. Dei gav Judas 30 sølvpengar.

Denne torsdagen samla Jesus disiplane sine for å ete eit siste måltid. Før måltidet vaska Jesus føtene til alle disiplane. Dagen fekk namnet skjærtorsdag fordi ordet *skjær* betyr *rein*.



Måltidet med brød og vin har seinare fått namnet nattverd. Kristne feirar framleis nattverd til minne om det siste måltidet Jesus hadde med disiplane sine.

Jesus fortalde disiplane at ein av dei kom til å svike han.

Etter måltidet gjekk dei til Getsemane hage.

Der venta Judas og nokre soldatar.

Soldatane arresterte Jesus og tok han med seg.

Spørsmål til teksten:

1. Kvifor ønskte dei religiøse leiarane å bli kvitt Jesus?

2. Kvifor trur du Jesus vaska føtene til disiplane?

3. Kvifor feirar kristne nattverd?

4. Kvifor blir denne dagen kalla skjærtorsdag?

Langfredag

Jesus vart sendt til den romerske landshøvdingen Pilatus.

Han meinte at Jesus ikkje hadde gjort noko gale.
Av frykt for å bli upopulær blant folket, gav han likevel ordre om at Jesus skulle verte krossfesta.

Før krossfestinga vart Jesus piska av romerske soldatar.
Deretter måtte han bere krossen sin gjennom byen til ein stad som heitte Golgata. Namnet tyder «hovudskallen».

På Golgata vart Jesus krossfesta saman med to røvarar.



Etter at Jesus var død, vart han lagd i ei grav.
Ein stor stein vart rulla framfor inngangen.
Soldatar vart sette til å vakte grava.

For kristne er langfredag ein lang og sorgfull dag.
Denne dagen minnst dei Jesu liding og død.

Spørsmål til teksten:

1. Kva meinte Pilatus om det Jesus hadde gjort?

2. Korleis vart Jesus straffa før han vart krossfesta?

3. Kva tyder Golgata?

4. Kvifor blir denne dagen opplevd som ein lang dag for kristne?

Påskedag

Tre dagar seinare gjekk nokre kvinner til grava der Jesus var blitt lagd. Ei av dei var Maria Magdalena.

Då dei kom fram, oppdaga dei at steinen framfor grava var rulla bort.

Grava var tom, og kroppen til Jesus var borte.



Ein engel fortalde kvinnene at Jesus ikkje var der lenger. Han hadde stått opp frå dei døde.

Kvinnene sprang tilbake for å fortelje disiplane kva dei hadde sett. Seinare viste Jesus seg også for disiplane.

Første påskedag er ein av dei viktigaste dagane i kristendomen. Dagen er prega av glede over at Jesus vann over døden. Første påskedag går mange kristne i kyrkja for å feire Jesu oppstode.

Spørsmål til teksten:

1. Kva heitte ei av kvinnene som kom til grava?

2. Kva oppdaga kvinnene då dei kom til grava?

3. Kva fortalde engelen?

4. Kvifor trur du oppstoda er så viktig i kristen tru?
